

# Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag



## Grunnlag for krava til Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag sitt krav i 2020:

- **Norsk jordbruk, skal produsere mat, på norsk areal og med lokale ressursar. Det jordbruksarealet vi har, er svært verdifullt og trenger eit sterkt vern. Dei siste åra sine utfordringar med klima, må takast på alvor. Arealet må i tillegg aukast og jordas kvalitet og produksjonsevne må haldast i hevd og aukast.**
- **VI MÅ ENDRE UTVIKLINGA NO OG TA VÅRT ANSVAR FOR MATPRODUKSJON TIL EIGEN BEFOLKNING OG FRAMTIDAS BARN.**

## Jordbruksforhandlingane 2020

**Vi vil ha ei framtidig landbruksproduksjon. Då må vi endre sterkt på kor matproduksjonen står, i forhold til andre typar produksjonar. Ei berekraftig framtid for menneska, betyr endra forbruksmønster og ein sterk reduksjon av forbruksvarer.**

-Strukturtilskot innførast i alle produksjonar. Mest til dei minste brukar. Styrking av strukturtilskotet på mjølkebruk opp til 23 kyr. Det må ei forenkling til, i måten tilskota blir utrekna på, slik at dei enkelte bøndene kan forstå kva dei får i tilskot.

-Auke kornprisen. Opp 20 øre. Få attende produksjon av korn i Sør- Aust- og Midt-Norge. Matkorn må få riktig pris. Beite og grovfor i Vest og Nord.

-Stimulere til auka økologisk og agroøkologisk produksjon. Heve fokus på regenerativt landbruk og jordforvaltning.

-Beredskap og beredskapstilskot. Få stoppa nedlegginga av bruk, ved å innføre beredskapspengar på kvart bruk, med krav om drift, busetnad og skjøtsel.

### **Med ansvar for framtida.**

For å stimulere til auka satsing på matproduksjon, så må ein del av kompleksiteten i landbrukspolitikken vekk. Ein må også sjå på dei byråkratiske prosessane, som ofte blir veldig tunge og uforståelege for bønder. Meininga er jo at bonden skal konsentrere seg om produksjonen sin og ikkje dei politiske svingingane. Det er også viktig å merke seg, at krava til landbruket berre blir høgare og høgare, samstundes blir inntektene lågare og med fleire restriksjonar. Dette må det gjerast noko med. For å få fleire små i gang, så vil vi i Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag gå inn for:

-Botnfrådraget, må vekk eller reduserast med minst 3000.

-Sterk satsing på bruk med fleire typar produksjonar. Regenerative bruk.

-Matprisane må opp. Forbruk av forbruksvarer må ned. Vi må endre pengestraumane i verda, slik at ein større del av straumane blir værande hjå primærprodusentane i all matproduksjon.

-Sterkare satsing på naturleg variasjon på artsmangfald og biomangfald. Med dei utfordringane vi får oss i møte i framtida, treng vi kvart eit sterkt genetisk mangfald i alle artar, i staden for genetisk framstilte artar for stort mogeleg utkome. Det store genetiske mangfalde gjer artane meir levedyktige ved klimatiske og geologiske endringar.

- Medisinbruk er bra, når medisin blir brukt på riktig måte. Vi må ta ein større del av medisinane naturleg i framtida. Dette er mest fornuftig, med tanke på multiresistente bakteriar og overleving for dei enkelte artane. Større fokus på naturleg reduksjon av parasittar og bakteriar, er viktig og blir berre endå viktigare i framtida.
- Kostnadane innan landbruket må ned. Endringspålegg frå staten, skal ha medfyljande økonomiske midlar, slik at den enkelte bonde klarar endringane økonomisk. Politiske endringar innan landbruket, skal ha ei medfyljande kostnadsutredning og medfyljalde midlar.

### **Klima, frå bonde til forbrukar, bonden sin velferd og menneska sin mattrystgleik.**

Vi i SFBS, stiller oss kritiske til forskinga vi har i dag, når det gjeld matproduksjonen. Den er med sterkt fokus på auke i produksjon i staden for å ha fokus på jordbevaring og bevaring av artsmangfald.

-Forskinga i dag er bestilt, for usikker, for lite konsekvensutreda og for lite omfattande. Vi må etter kvart få eit vidt syn på matproduksjon og på konsekvensar av ulike typar produksjonar. Vi må også sjå oss etter ulike formar for produksjonar, som ikkje har vore naturleg her i Norge.

-Matproduksjon er eit nødvendig behov, i motsetnad til forbrukarane sitt forbruk av andre varer og tenester. Matprisane må opp, for å minska forbruk og få ned klima og miljøbelastninga.

-Auke velferdssatsane i landbruket og tidlegare utbetaling av avløysartilskot.

-Medisinar og ugrasmiddel må bort. Fleir bruk og naturbruk er svaret. Større sysselsetting i landbruket.

-REKO-ringen, som NBS har tatt initiativet til. Dette er motsvar til regjeringa sin politikk dei siste åra. REKO-ringar vil kome sterke, så lenge staten ikkje tek utfordringane med å endre forbruksmønster og pengestraumen frå handelsnæringa til bønder.

-Respekten for landbruket, for mat, for menneska, for verdens globale og klimatiske utfordringar, må komme attende i Storting og regjering. Vi treng handling og sterke menneske, som kan stå mot og ta kompen for framtida sin matproduksjon og forbruk. Handling krevast no og ikkje i neste generasjon.